# MB

menighetsbladet

5 - 2013

I DAG ER DET FØDD DYKK EIN FRELSAR I DAVIDS BY; HAN ER KRISTUS, HERREN.

OG DET SKAL DE HA TIL TEIKN: DE SKAL FINNA EIT BARN SOM ER SVEIPT OG LIGG I EI KRUBBE.» BRÅTT VAR DET EIN STOR HIMMELHÆR SAMAN MED ENGELEN; DEI LOVA GUD OG KVAD:

«ÆRE VERE GUD I DET HØGSTE,
OG FRED PÅ JORDA
BLANT MENNESKE SOM GUD HAR HUGNAD I!»



KLEPP
BORE
ORRE

MB

Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 5 gonger i året.

**Redaksjonskomité:**
Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Arvid Hareland
Ingunn D. Aandal - kontaktperson

**Layout**: Linda Aanestad
**Trykk**: Olsson as

**Postadresse:**
Menighetsbladet
Postboks 101
4358 Kleppe

Telefon: 51 78 95 55
e-post: menighetsbladet@klepp-kirken.no

**Bankgiro: 3290.07.02239**

---

**Neste nummer: 06.02**
**STOFF MÅ LEVERAST INNAN 14.01**

(Med forbehold om ledig plass.)
Stoff-fristen må overhaldas!

**Klepp Menighet har fått ny heimeside: www.kleppkyrkje.no**

SURF INNOM
WWW.KLEPP.KIRKEN.NO
ELLER
WWW.KLEPPKYRKJE.NO

VELKOMEN!

# KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

## KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4352 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55
Telefaks: 51 78 95 50
e-post: kontor@klepp-kirken.no
e-post Menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside: www.klepp.kyrkja.no

## KONTORTIDER

Måndag - torsdag: 08.30 - 14.30
Fredag: 08.30 - 12.30
Elles etter avtale

**Frøyland og Orstad kyrkjekontor:**
Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4355 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon: 52 97 31 50
Heimeside: www.fok.no

| | | |
|---|---|---|
| **Bore kyrkje** | 51 42 22 52 | |
| Soknerådet, Nikolai Homme | 51 42 00 77 | 900 53 744 |
| **Klepp kyrkje** | 51 42 16 39 | |
| Soknerådet, Svein Olav Nesse | 51 42 34 86 | 920 22 874 |
| **Orre kyrkje** | 51 42 23 46 | |
| Soknerådet, Lars Bjarne Salte | | 900 41 782 |

## TELEFONLISTE ANSATTE:

| Namn | Direktenummer | Privat |
|---|---|---|
| Kyrkjeverge, Dagbjørg Straume | 51 78 95 60 | 959 65 273 |
| Sekretær, Ingunn D. Aandal | 51 78 95 59 | 924 19 934 |
| Sekretær, Kari Haavardsholm | 51 78 95 55 | 992 66 752 |
| Sokneprest, Andreas Haarr | 51 78 95 51 | 977 16 339 |
| Sokneprest, Åsmund Steinnes | 51 78 95 52 | 402 01 978 |
| Sokneprest, Morgan Fjelde | 52 97 31 51 | 489 97 108 |
| Prest, Jarle Minnesjord | 51 78 95 54 | 970 66 145 |
| Prest, Frode Helvig | | 986 03 405 |
| Kantor, Ola Sotnakk | 51 78 95 58 | 996 28 182 |
| Organist, Ove Byberg | 51 78 95 58 | 926 67 300 |
| Organist, Arne Hadland, | 51 48 83 77 | |
| Diakon, Henny Lie Sandve | 51 78 95 56 | 473 02 252 |
| Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes | 51 78 95 53 | 450 48 726 |
| Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte | 51 78 95 57 | 478 70 004 |
| Trusopplæringsmedarbeidar, Olaug Mestad Slettbakk | | 936 59 296 |
| Ungdomsprest, Just Salvesen | 52 97 31 52 | 410 04 692 |
| Ungdomsarbeidar, Christine Å. Hansen | 51 78 95 62 | 934 34 923 |
| Eittåring Ruben Friestad Bergseth | | 452 12 025 |
| Ungdomsarbeidar Ine Nedrebø Andersen | 940 55 377 | |
| Ungdomsarbeider Daniel Lyngstad | | 977 24 948 |
| Lærling Lene Oslandsbotten Bilstad | | 957 97 897 |
| Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning | 51 78 95 61 | 900 35 471 |
| Kyrkjetenar Orre, Gaute Terning | | 473 71 727 |
| Klokkar Orre, Bjørn Borgen | 51 42 86 94 | 900 19 534 |

# MENIGHETSPEDAGOGENS HJØRNE



## Jesu armer

**JESU ARMER**

**Jeg har lyst til å dele et øyeblikk fra dåpsskolen på Kleppe nå i høst. 20 seksåringer satt og fulgte ivrig med da jeg fortalte om "Sønnen som kom hjem". Fortellingen kan du lese i Lukas kap.15 v. 11 – 32. Faren , en duplo mann figur med kappe i hvit filt, speidet hver dag etter sønnen sin som hadde solgt arven, tatt farvel og dratt langt av sted. Sønnen sløste bort arven og hadde til slutt ikke et øre igjen. I tillegg var det sult i det landet han var. Eneste jobben han fikk var å passe noen griser. Barna så på duplomannen som måtte sette seg fordi han fikk så vondt i magen og de forstod at han begynte å lengte hjem.**

**Sønnen starta på hjemveien, han grudde seg og ville be om tilgivelse til faren for det han hadde gjort. Kanskje han kunne få være tjeneren hans? Ikke visste han at faren hadde stått hver dag og speidet etter han! Hjemkomsten ble en kjempeoverraskelse. Ingen ting ble slik sønnen trodde og tenkte da han gikk og gruet seg. Med duploklossene viste jeg hvordan faren sprang i mot sønnen, tok armene rundt han og snurret han rundt.**

**6 åringene var helt stille. Da fikk jeg en ide: Jeg ba de lukke øynene og tenke at Jesus har armene rundt dem som faren i fortellingen og at han er veldig glad i dem. Jeg så på barna og blikket traff en gutt med lukkede øyne. Det var sterkt å se på det fredfulle ansiktet hans. Vi skal snart feire jul. Gud sendte sin sønn for å vise at han er som faren i denne fortellingen. Gjør som barna på dåpsskolen, bli helt stille, lukk øynene og tenk på Jesu armer omkring deg.**

**Kjersti Olimb Salte**

## Ønskjer du nokon å snakka med?

Du er velkomen til å ta kontakt med prest, kateket og diakon for samtale.

Diakon Henny Lie Sandve tlf. 51 78 95 56

Sokneprest Andreas Haarr (Klepp): tlf. 51 78 95 51

Sokneprest Åsmund Steinnes (Bore): tlf. 51 78 95 52

Kateket Karsten Degnes: tlf. 51 78 95 53

Prest Jarle Minnesjord (Orre): tlf. 51 78 95 54

Prest Frode Helvig (Klepp Stasjon): tlf. 986 03 405

## Juletreinnsamling

**4. januar mellom kl 10 og 16**
kommer ungdom fra kirke og bedehus å samler inn brukte juletrær. Vi kommer til å komme til sentrale boligstrøk på Klepp, Klepp Stasjon og Tu!

Vi tar 50 kr per juletre og pengene går direkte til våre misjonsprosjekt i Ukraina.

I år vil vi samle spesielt inn for å få 20 fattige ungdommer til Norge, sommeren 2014, for å være med på Skjærgårds Music & Mision Festival, på Risøya.

Vi tror og håper det vil gi dem en opplevelse for livet.





# frå sidelinja:

## Hein Steinskog



## Dei gåtefulle tekstane i Bibelen

Eg kom til å overhøyra ein person seia: Me må halda oss til Bibelen. Eg måtte tenkja: Kva meiner du eigentleg? Er det heile Bibelen eller berre utvalde tekstar? Kva gjer du med dei gåtefulle og vanskelege tekstane i Bibelen? For vi har fleire av dei, og eg vil nå ta fram tre, to frå Det gamle Testamente og ein frå Det nye Testamente.

I skapingsforteljinga i 1. Mosebok 1 finn me noko underleg. I mest alle dei verka Gud gjer, finn me: «Gud skapte…» og etter kvart skaparverk: «Og Gud såg at det var godt». Altså Gud i eintal.

Men i 1. Mosebok 1,26 då menneske blir skapt, heiter det: «Lat oss…» og «i vår likning», altså i fleirtal. Kven er oss? Kven er vårt? Fantes det den gongen fleire gudar i det gamle Israel, eller er det noko anna?

Truleg, og eg skriv truleg, så minnes forfattaren ein gamal tanke. Gud er ikkje åleine i himmelen, men omgjeven av englar og himmelske hærskarar. Fleire stader i GT finn me den tanken. I Job 1 finn me at Gud talar med Guds søner – altså englevesen – om menneskja på jorda. Og profeten Jesaja ser i Jes. 6 serafar med vengjer som lovpriser Gud.

Her er det altså ikkje tale om fleire gudar, men motsett: Den eine Gud blir tenkt så mektig at han frå byrjinga av har sine himmelske tenarar attmed seg og difor kan tala i fleirtalsform. Men det underlege er at i neste vers (1,27) er ein tilbake i eintal, så gåtefullt er det likevel.

Den neste staden er og frå den såkalla urhistoria, frå kap. 4 i 1. Mosebok. I vers 2 seiest det: «Abel vart sauegjetar, Kain vart jordbrukar». Ei setning utan tillegg eller forklaringar. I denne setninga er ein konflikt førprogrammert: Kain slo Abel i hel. Og dette har hendt på nytt og på nytt i historia. Med andre ord – menneskja held ikkje ut at andre menneskje er annleis: a) var nomade, b) fastbuande, c) kom frå landet, d) frå storbyen, e) var innfødt, f) var innvandrar, g) var nordmann, h) var jøde, i) var palestinar, j) var israelitt – og kva nå konfliktane kan vera. Men alle tek dei til med at menneskja ikkje ser ut til å tåla at nokon er annleis og at dei søkjer valdelege løysningar på problemet, slik Kain gjorde med Abel.

Historia om dei to. Eit minimum av ord. Ingen adjektiv. Ingen bisetjingar. Men med denne setninga talar han om det mest markante problem til menneska. Slik som med Kain og Abel, slik er det med menneska.

«Herren såg med velvilje på Abel og hans offergåver, men ensa ikkje Kain og gåva hans» (1. Mos, 4-5). Her er det heller ingen forklaringar, ingen teologiske merknader, ingen psykologiske forklaringar. Setninga er og blir ei gåte. Gud er i denne setninga ei gåte, og blir det til denne dag. I tilfellet Kain og Abel får vi heller ingen moralsk hjelp. Ingen ting er nemnd i livet til Kain som det kan visast til. Det finnes ingen logisk forklaring på kvifor det eine offeret blir tatt godt i mot, det andre ikkje. I denne historia forblir Gud gåtefull, og trua si oppgåve er halda ut denne gåta og leva i forventning til det som står i 1. Kor. 13,12b.

Nå forlet vi GT sjølv om det finnes fleire gåtefulle tekstar der, og går til NT, til Johs. 8,6b: «Jesus bøygde seg ned og skreiv på jorda med fingeren». Heile dette avsnittet Johs. 8,2-11 har ført eit omflakkande liv på ulike plassar i NT før det hamna her i Johs. 8.

Men så: Jesus har ikkje etterlate seg noko skriftleg. I Bibelen er berre nemnd ein gong at han har skreve – og det på jorda. Men innhaldet veit vi ikkje. Vi kan nok gissa og spekulera, men det blir spekulasjonar. Men forvitne er me nok på kva han skreiv.

Situasjonen her er at skriftlærde og farisearar kjem til Jesus med ei kvinne som er grepen i ekteskapsbrot. Dei viser til Moselova og hevdar at slike kvinner skal døy. Men eigentleg vil dei lura Jesus i ei fella slik at dei kan få han dømd. Interessant er det at skriftstaden dei viser til, blir sitert gale. Etter 3. Mos. 20,10 må både mann og kvinne straffast, ikkje berre kvinna. I alle fall er det tydeleg at dei bruker skrifta for å fremja eigne formål. Vi kunne mest seie at dei skaltar og valtar med Bibelen etter eige forgodtbefinnanda.

Jesus gjer noko uventa. Seier ingen ting, men bøyer seg ned og skriv på jorda. Kva skreiv han? Vi veit ikkje. Kan hende skriv han 3. Mos. 20,10. Men det blir berre ei gissing. Vi veit ikkje. Men vi veit kva som hende. Dei skriftlærde og farisearane gjekk sin veg utan å døma kvinna. Jesus seier: «Så dømer ikkje eg deg. Gå bort og synda ikkje meir».

***Dette er siste Frå sidelinja i denne omgang. Redaksjonskomiteen takkar Hein Steinskog for bidraga hans dei to siste åra.***

Hein Steinskog




**Målsettinga med kursa**
Styrka evne til å forstå kvarandre
Styrka evne til å leva med forskjellar
Styrke evne til å snakka saman

**Pris**
Pris for heile weekendkurset er 1700,-
Dette inkluderer full kost og losji

**Påmelding og meir informasjon**
Time kyrkjekontor
tlf.: 51 77 03 77
e-post: diakon@time-kyrkja.no

Begge kursa går parallelt, og de må seie frå ved påmelding kva kurs de ønskjer å ta.

**Arrangør**
Kyrkjene i Time, Klepp, Hå og Sandnes

*"Med eit ønske om å sjå gode samliv bli endå betre"*

# Nytt fra fellesrådet

**Visitas**
Som andre artikler i dette menighetsbladet viser har vi hatt bispevisitas i Bore og Orre. Kirkevergen var blant annet med på et møte med Frivillighetssentralen i Klepp. Det var flott å få presentert det mangfoldet av tilbud som gis gjennom Frivillighetssentralen – et arbeid som kleppsbuen nyter godt av både som brukere av tilbud og som frivillige. Som kirke ønsker vi et videre samarbeid velkommen og ønsker å se hvordan kommune, kirke og frivillighetssentral kan utfylle hverandre sammen med andre lag og foreninger i Klepp. Vi ønsker alle at Klepp skal være et godt sted å bo.

**Kyrkjegarden på Bore**
Vi har nå sluttført arbeidet på Bore kyrkjegard i forbindelse med utvidelsen av kirken. Arbeidet har tatt lenger tid enn antatt, men alt skal nå være på plass. Vi har fått en flott kirke etter utvidelsen som kan ta unna for den veksten som er i gudstjenestene samt at det er mer plass ved bryllup og begravelser.

**Personal**
I Klepp kyrkjelyd er det utlyst en 80 – 100 % stilling som barne- og familieprest og i Bore kyrkjelyd en 40 % stilling som daglig leder. Vi forventer tilsetting i disse stillingene i løpet av november. Dette er to nyopprettede stillinger.

Kjersti O. Salte som er ansatt som menighetspedagog får endret sine arbeidsoppgaver til å ha et særlig fokus på trosopplæringen i Orre sokn. I tillegg vil hun være inne på enkelte arrangementer i Klepp.

I tillegg er det lyst ut en stilling som ungdomsprest/-pastor/-medarbeider i Frøyland Orstad kyrkjelyd for å overta etter Just Salvesen som har fått ny jobb som sokneprest i Tananger.

Kirkevergen er tilbake i 80 % stilling etter 10 måneder med delvis permisjon

**Nye ansatte høsten 2013:**
Andreas Kaspersen – 10 % kirketjener Bore kyrkjelyd (1 års vikariat)
Arne Tveranger – 10 % musikalsk medarbeider Bore kyrkjelyd
Daniel Lyngstad - 20 % ungdomsarbeider Bore kyrkjelyd
Geir Ådne Vestvik - driftsleder Frøyland og Orstad kyrkjelyd (FOK)
Ingunn Matre – daglig leder og trosopplæringskoordinator FOK
Steinar Severson – 20 % ungdomsarbeider FOK
Ruben Friestad Bergseth – TT student/ettåring

Dagbjørg Straume
Kirkeverge

# ENDELIG UANZ



*Karsten taler.*

Tekst: Ruben Bergseth / Foto:Tonje Lea, Karoline Rage

Så kom endelig dagen, lørdag 19.oktober, som vi har hatt nedtelling til i et år. Ungdomskonferansen Uanz skulle nå settes i gang og på programmet stod møter, seminarer, egentid, mat og sist, men ikke minst, konsert med selveste Paul Coleman. UanZ begynte som en drøm, Karsten Degnes fikk en visjon om at han skulle dra noe i gang for Klepp-ungdommene. Men det ballet på seg og det endte opp med å bli en konferanse for ungdommer fra hele Jæren, fra Sandnes i nord til Vigrestad i Sør. Målet for denne konferansen var ikke evangelisering, som det ofte er, men å disippelgjøre ungdommene, bevisstgjøre dem på at siden vi har en annerledes Gud er vi også kalt til et annerledes liv! Vi ville gi dem en helg med mengder av påfyll som de kunne ta med seg tilbake til hverdagen og til hjemstedet sitt. Med 180 deltakere, 70 medarbeidere, to dager, mye humor og latter, tårer, tanker og en STOR Gud kan vi med et stort smil konkludere med at det var ei fantastisk helg!

Endelig! Kl 10.30 starter første happening (møte), med våre strålende programledere, Daniel Lyngstad og Camilla Steinskog var dette starten på ei fantastisk helg. Lovsangen var strålende og med tale av vår egen kateket Karsten ble det en kanonstart på helga. Etter møtet var det tid for mat og litt avslapping der folk kunne gå rundt på forskjellige stander. Etter dette bar det ut på seminar, her kunne de velge to av totalt åtte forskjellige seminarer, alt i fra tema som «kreativ formidling» til «trosforsvar».

Etter seminarene var det en liten pause før vi gikk inn i en fantastisk egentid, den ble først satt igang av Hilde Svela. Egentid betyr at du skal gå å være for deg selv, du og Gud. Stillheten denne timen var til å ta og føle på, tydelig at det var noe som ungdommene trengte. Deretter var det middag, og når du skal fore 250 mennesker med taco, da vet du at det er snakk om MYE taco! Og ikke nok med det, det ble også servert iskrembuffet som dessert. Når middagen var ferdig var det på tide med et nytt møte, denne gang med en kongetale av Per Børge Hillestad. Så var det tid for at Paul Coleman skulle entre scenen og han skuffet selvfølgelig ikke, og leverte et forrykende show av en konsert. Konserten gikk over i en rolig lovsangsdel, med bønnevandring og nattverd, noe som ble en fin avslutning på en hektisk, men fantastisk lørdag.

Etter en helg med lovsang, taler, nye venner og input så kan vi si at Uanz var en stor suksess og det er bare å merke seg helga 24-26 oktober 2014, da går nemlig Uanz av stabelen

*Bakgrunnsbilde: Per Bjørge taler*

Søndag

Etter få, men gode timer med søvn, var vi klare for en ny dag og gudstjeneste sammen med menigheten i Frøyland og Orstad kirke. Gudstjenesten ble ledet av prest Just Salvesen, og det er kjekt å være prest når du kan se utover en fullstappet kirke. Under gudstjenesten var det også kollekt, til inntekt for misjonsprosjektet til UanZ, som skulle gå videre til KPK – Ukraina. Og etter at Karsten hadde holdt en rørende offertale, gravde folk dypt i lommene, og det kom inn hele 100.000 (!) kroner. Etter en god gudstjeneste var det tid for kaker og kaffe før vi satt i gang med avslutningsmøte. Denne gangen var det Karl Johan Kjøde i fra bibelskolen i Grimstad som talte om en Gud som ser, vi fikk også stå sammen i lovsang og dele opplevelser fra helga med hverandre og en bedre avslutning enn det kan man ikke få! igjen!



*Klepp ungdom koser seg på Uanz!*



*Ruth Miriam, Marthe og Ida i toppform*





*Konsert med Paul Colman på lørdagen var et av mange høydepunkt i løpet av helgen.*

# Klepp ungdom på uanz

## Ingeborg Haddeland 16 år

**Likte du deg på uanz?**
- Eg likte meg kjempe godt på uanz.
**Av alle tingene som hente på Uanz, hva likte du best?**
-Det besta me uanz va nok å treffa nye og kjekke folk! Og ver på masse bra møter. Ps: goe mad!
**Kommer du igjen neste år?**
- Eg komme garantert igjen neste år!

## Sine Grude 15 år

**Likte du deg på uanz?**
Ja veldig godt, det var masse bra folk, konge møter og en super konsert! Rett og slett ei uforglemmelig helg.
**Av alle tingene som hente på Uanz, hva likte du best?**
Enten møtene eller det sosiale! Umulig å velge
**Kommer du igjen neste år?**
Ja!

## Erling Goldfine 16 år

**Likte du deg på uanz?**
Uanz var gal kjekt! eg stor koste meg heila helgå, kanskje det beste eg har vært med på noen gang!
**Av alle tingene som hente på Uanz, hva likte du best?**
Det eg likte best med heila Uanz var møtene. Det var god gang med lovsang og bra talerer. Høydepunktet var da Per Børge talte! Den talen satt langt inne og den gjorde et stort inntrykk på meg. Så eg må vel sei at det var talen til Per Børge som var det eg synes var best med Uanz!
**Kommer du igjen neste år?**
Eg har allerede satt av datoen til neste års Uanz så der kan du vel si at eg skal UANZ neste år!

## Derek Kromha Cooper 17 år

**Likte du deg på uanz?**
Eg storkoste meg!
**Av alle tingene som hente på Uanz, hva likte du best?**
Lovsangen og seminarene
**Kommer du igjen neste år?**
Ja, jeg kommer igjen neste år og gleder meg masse!!!!

## Simen Byberg 18 år

**Likte du deg på uanz?**
Ja.
**Av alle tingene som hente på Uanz, hva likte du best?**
Jeg sier alt, hele konferansen var super!
**Kommer du igjen neste år?**
Jeg kommer igjen, med mindre jeg ikke får reise hjem ifra militære.

Bilder: Tonje Lea og Karoline Rage.

# Jærprosten - stolt av Jesus


*Kjell Børge slappar av på trappa.*


*Time kyrkja strekk seg opp mot himmelen*

**Tekst og foto: Anne Håkonsholm**

Kjell Børge Tjemsland er prost i Jæren prosti. Han bur i den gamle prestebustaden ved Time kyrkje. Jæren og jærbuen er spennande og interessant for prosten som brenn for arbeidet sitt og for trua på Jesus som frelsar.

**Prestebustaden ved Timekyrkja**
Sola skin over Jærlandskapet ein tidleg seinsommarmorgon. Doggvått gras i ulike lengder og grønfargar blenkjer så langt auget rekk, frå verandaen i den gamle prestebustaden frå 1932 ved Timekyrkja. Langt der ute kan ein skimte havet. Frå kjøkkenet ser vi tårnet på Timekyrkja som strekk seg opp mot det lette skysløret på Jærhimmelen.  I tidlegare tider var dette bustad for soknepresten i Time, som då også var prost. For ei tid tilbake vart dette endra. Soknepresten i Time bur no på Lye.  No er det prosten på Jæren som bur på denne historiske staden. Jæren prosti omfattar kommunane Time, Klepp, Hå og Gjesdal. Frå mai 2009 er det Kjell Børge Tjemsland (f. 1953) som har hatt denne stillinga. Før han og familien flytta inn i prostebustaden, vart det gjort ei oppgradering i form av nye vindu i vest, nytt elektrisk anlegg og kloakksystem.  -Me har ei vakker utsikt! Time kyrkje har ei spennande historie, mellom anna med Garborg knytta opp imot seg, seier Kjell Børge Tjemsland med entusiasme.

**Jærprosten**
-Eg stortrives med å bu i Time! Imøtekomande naboar ga seg fort til kjenne. Her reknar ein seg som naboar i eit vidt område. Den satte og innadvente Jærbuen, slik han ofte vert omtala, har eg ikkje møtt på. Eg opplever Jærbuen som moderne på alle måtar: traust på ein god måte, humoristisk, nyskapande, energisk, ligg i forkant på det meste og vil helst ha gjort ting i går. Det er fasinerande å sjå og vere ein del av, både i arbeidsliv og kristenliv. Eg er stolt av å vere prost i Jæren prosti! Her er mange gode medarbeidarar, både løna og uløna. Me er heldige som har eit stort korps av frivillige i det store arbeidet som har med Guds rike å gjere.

Som prost har eg arbeidsgivaransvar for prestar tilsett av bispedømmerådet (sokneprestar og fengselsprestane ved Åna og Stavanger fengsel) og kjem inn på tilsynsida hos tilsette av fellesrådet. Eg må vere engasjert i organisering av kyrkja. Prosten si oppgåve er å inspirere, oppmuntre og legge til rette for utvikling av kyrkjelyden, og den misjonale delen som går ut på at alle skal få del i

evangeliet. Vi skal ikkje berre døype, vi skal drive trusopplæring også. Kyrkja må vere relevant for folk i dag. Jæren har stor folkevekst. Vi ønsker også å nå dei som me ikkje naturleg kjem i kontakt med gjennom kyrkjelege handlingar, for eksempel våre nye landsmenn. Det er mykje flott arbeid og mykje privat initiativ og kontaktskaping.

**Allsidig bakgrunn**

Kjell Børge Tjemsland trives både i byen og på landet. Han er oppvaksen i Sandnes, men som han seier: -eg reknar meg ikkje som byas, for Sandnes var ein liten by i den tida. Han er glad i praktisk arbeid, men når han tok til på teologistudie valde han seg ut av smedkunsten, som var ein del av familiearven. Etter feltprestteneste reiste han i 1981 til Hong Kong som misjonsprest for det Norske Misjonsselskap. I 1993 var han tilbake i Sandnes, som kapellan i Gand kirke. Frå 2001 var han misjonskonsulent ved bispedømmekontoret i Stavanger. Saman med kona, Astrid, har han fire barn. Berre den yngste bur ilag med foreldra på Jæren i dag.

**Pilgrimsvandring**

-Pilgrimstradisjonen fekk eg mitt første møte med når eg kom til Jæren og tok over etter Anne Sofie Haarr. Ho er forresten fortsatt med som leiar i komiteen. Tradisjonen for pilgrimsvandring har blomstra dei seinare år. Vi vil tilretteleggje for dette i vår del av landet. Eg vil oppmuntre folk til å gå pilgrimsleia. Det gir ein flott dimensjon til å vere ute i naturen. Ein kan også oppsøke det stille rommet langs leia ved Obrestad fyr.

**Stolt av Jesus**

-Jesus er sentral for meg! Eg ønsker at folk skal forstå kven Jesus er og kor radikal han er i møte med menneske. Det utfordrar oss til å sjå vår neste. Jesus er radikal også i møte med materialisme. Me må begynne med oss sjølve, bygge gode fellesskap og møte mennesket der det er. Tidspress og materialisme er store utfordringar for oss. I solidaritet med andre må vi våge å ikkje jage etter meir, men la andre få del i det vi har. Ein kan lett kjenne på maktesløyse for at det ein kan gjere berre er ein dråpe i havet. Korleis bruker me tida i vårt moderne samfunn,- det er ei utfordring!

-Er ein trygg på sin eigen ståstad i Jesus Kristus kan ein være raus i møte med andre menneske og livssyn. Etter meg ønsker eg at det skal stå igjen at eg er stolt av Jesus! Eg ønsker å vere prega av Jesus, først og fremst gjennom den eg er, men også gjennom eit verbalt vitnemål. Jesus er sanninga, det er ingen annan veg til frelse. Vi må halde fast på det og ikkje stille bakerst i køa i møte med andre religionar. Det handlar ikkje om å alboge seg fram, men å vere trygg i eiga tru. Folk forventar at vi er tydelige.

-Eg tenkjer at me må vere rause med kvarandre og møte kvarandre som me er. Me må akseptere at det er ulike måtar å leve ut den kristne trua på. Ytre former er ulike. Det har eg lært av andre kulturar. Kjernen er den same: Jesus, og trua på Han som verda sin frelsar.

-Du har vel høyrt om dei danske nonnene som mista sigarane ut av munnen av forundring over kor sminka dei kristne amerikanske damene var? spør Tjemsland med ei blanding av alvor og glimt i auge.

Takk

-Eg er svært takknemleg for det store arbeidet som vert lagt ned for Guds rike i kyrkjelydar og på bedehus rundt om på Jæren. Det er viktig for meg å formidle takk til mange trufaste medarbeidarar!

Sola skin over Jærlandskapet ein tidleg seinsommarmorgon. Doggvått gras i ulike lengder og grønfargar blenkjer så langt auget rekk, frå verrandaen i den gamle prestebustaden frå 1932 ved Timekyrkja.



*Prostebustaden i flott Jærlandskap*

# BISPEVISITAS

# BORE OG ORRE
## 22.-27.OKTOBER 2013

Tekst Einar Egeland og Anne Håkonsholm
Foto: Einar Egeland, Jarle Minnesjord og Kåre Wiig

## VARDEN OG PRESENTASJON



*Bispevisitas ved varden på Håland i stiv kuling og regn.*



*Nicolai Homme holder en flott presentasjon og nevner blant annet at i Bore kyrkjelyd er det 100 frivillige som har påtatt seg ulike oppgaver.*

**Gjestfrihetens menighet**

Som en introduksjon til visitasen i Bore hadde Nicolai Homme laget en flott presentasjon. Biskopen var meget fornøyd med presentasjonen, om situasjonen i menigheten nå, og om ønskene som soknerådet har når det gjelder veien videre. Tallet på mennesker som kommer til gudstjeneste øker jevnt. Det er nesten ikke til å tro at i Bore kyrkjelyd er det rundt 100 frivillige som har påtatt seg ulike oppgaver. I sitt korte innslag etter Nicolai sin presentasjon, avsluttet biskop Pettersen med å si at Bore er «gjestfrihetens menighet» – et inntrykk som har dannet seg på bispedømmekontoret.

**Pilegrimstur**

Etter frokosten fikk vi et friskt innslag i regi av turgruppa, ledet av Karen og Odd Eivind: Tur i Kleppeloen og andakt ved den store varden på Håland – i stiv kuling og regn!
Etter noen trivelige omveier i Loen, gikk turen til den nye, store varden på Håland. Her er det til vanlig vid og fin utsikt, men akkurat i dag kunne vi snaut se tre kilometer på grunn av regn og fuktighet.
Fellesskapet som vi opplevde i ly bak varden ble ikke forstyrret av uværet. Vi sang og ba for kommunen og innbyggerne. Stunden ble avsluttet med en fin, keltisk bønn: «Må din vei komme deg i møte. Vinden alltid være bak din rygg. Solens lys leke på ditt kinn. Regnet falle vennlig mot din jord. Og må Guds gode hånd, verne deg. Til vi møtes igjen.» Det kunne likne på en pilegrimsvandring …

## Malm Orstad

## Bedriftsbesøk Kåre Wiig


Som en liten overraskelse hadde Magne bestilt en sværkake til kaffen etter lunch!


Bedriftsbesøk hos tomatgrunder Kåre Wiig


Terje Skår og Magne Orstad viser rundt i produksjonslokalene.


Biskop Pettersen, rådgiver Sandland, prost Tjemsland nyter både middagen og utsikten hos Bodil og Tore Wiig

### Bedriftsbesøk hos Malm Orstad

Terje Skår og Magne Orstad viste oss rundt i produksjonslokalene. Her var det lyst og ryddig, med blant annet speilblanke sylindere i alle størrelser. Vi fikk høre at et av de store oljeselskapene i Europa er kunder hos Malm Orstad. De kom på eget initiativ, etter å ha undersøkt nøye blant hundrevis av bedrifter.
Men det som til slutt imponerte Erling Pettersen mest, er måten Magne behandler sine ansatte på: han går rundt og snakker med den enkelte arbeider. Denne ledelsesfilosofien kalles «Management By Wandering About». Resultatet er lite sykefravær og god trivsel.

### Biskopen i Orresoknet

I Orre fikk biskop Pettersen med følge omvisning og orientering av Kåre Vik; mannen med de grønne fingrene og rikelig med jærsk skaperånd. Prøvesmaking av tomater var en naturlig del av programmet! Under middagen hos Bodil og Tore Wiik kunne de nyte utsikten mot Jærhavet. Det var avsatt tid til samtaler både med ansatte og sokneråd før bygdekvelden på Friluftshuset. Der fikk visitasfølget et møte med musikalitet og rytmer gjennom pianospill og dans. Jæren og jærbuen ble beskrevet gjennom sangen «Heim til Jæren» framført av Mathea Nielsen Refsnes og kåseri av den gode historiefortelleren Hein Steinskog.

# Bispevisitas Orre

## KULTURKVELD



En engasjert biskop deler tankar fra en bibeltekst med Orrefolket.




Hein Steinskog kåserte treffende om Jærbuen.



Mathea Nilsen Refsnes sang ”Heim te Jæren”.



Dansegruppe frå 9. trinn ved Orre skule i aksjon



Bygdekvinnelaget stilte opp med deilig mat på kulturkvelden

# TRUSOPPLÆRING

## KLEPP BORE ORRE

STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

## Trusopplæring i Bore 2014

| | | |
|---|---|---|
| 0 år | Dåp | Kontinuerleg |
| 0-1 år | Babysong | Følg med på annonsering |
| 1 år | Spagettisamling | Hausten 2014 |
| 2 år | 2-årsfest | Hausten 2014 |
| 3 år | Søndagsskulebesøk | Hausten 2014 |
| 4 år | 4-årsbok | 26. januar |
| 6 år (1. kl) | Dåpsskule | Februar/ mars |
| 9 år (3. kl) | Tårnagenthelg | 26.-27. april |
| 10 år (5. kl) | LysVaken | 29. nov – 30. des |
| 14 år (9. kl) | Konfirmasjon | Kontinuerleg |
| 15 år (10. kl) | Klekk | Kontinuerleg |

STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Alle døypte i aldersgruppen som bur i Bore sokn får invitasjon i posten.

følg oss facebook

**www.borekyrkje.no**

## TROSOPPLÆRING KLEPP VÅREN 2014

**Dåpsskule for Tu og Horpestad Tiltak for 1.klassingar**
Start i veke 8 på Horpestad skule og avslutning i Klepp kyrkje med familiegudsteneste 6.april

**Utdeling av 4 års bok**
På familiegudsteneste 9. februar og 9.mars




**Tårnagenthelg Tiltak for 3.klassingar**
Lørdag 26.april og søndag 27.april

Du vil få invitasjon i posten så det er bare å glede seg.
Kontakt Kjersti hvis du lurer på noe. Tlf: 478 70 004

# Gudstenester

## Klepp Kyrkje

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**24.11.** Tomasmesse med bønevandring og nattverd. Andreas Haarr. Offer til Normisjonen.

**01.12.** Lysvaken-gudsteneste .Dåp. Andreas Haarr. Offer til menighetsarbeidet.

**08.12.** Gudsteneste med dåp. Andreas Haarr. Sprell levande søndagsskule. Offer til NMS

**15.12.** Vi syng jula inn.

**24.12.** Familiegudsteneste. Andreas Haarr. Offer til  Kirkens Nødhjelp
Kl14.00 Klepp Soul Children deltek
Kl.15.15 Klepp skulekorps deltek
Kl.16.00 Tu skulekorps deltek.

**25.12.** kl 12.00. Høgtidsgudsteneste. Dåp. Andreas Haarr. Offer til ny kyrkje.

**31.12.** kl 23.00.Midnattsgudsteneste. Andreas Haarr

**01.01**. Nyårsgudsteneste med nattverd. Andreas Haarr. Offer.

**05.01.** Lovsangsgudsteneste med nattverd. Andreas Haarr. Offer. Sprell levande søndagsskule

**12.01.** kl.09.00. Morgongudsteneste. Nattverd. Offer.
Kl 11.00 Familiegudsteneste med dåp. Andreas Haarr. Offer.

**19.01.** Gudsteneste med nattverd. Andreas Haarr. Sprell levande søndagsskule. Offer

**26.01.** Gudsteneste med dåp. Jarle Minnesjord. Sprell levande søndgasskule. Offer

**02.02.** Lovsangsgudsteneste med nattverd. Andreas Haarr. Sprell levande søndagsskule. Offer

**09.02.** kl.0900. Morgongudsteneste. Nattverd.Offer.
Kl.11.00.Familiegudsteneste med dåp. Andreas Haarr. Offer.

## Bore kyrkje

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**24.11.** G2 med dåp. Jarle minnesjord med ressursgruppe. Band og forsangarar. Sundagsskule.
Offer: Ungdom i Oppdrag.

**01.12.** Familiegudsteneste. Lys Vaken. Åsmund med ressursgruppe. Barn frå Lys Vaken deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**08.12.** Gudsteneste med dåp. Åsmund Steinnes. Sundagsskule. Offer til misjonsprosjektet i Kamerun.

**15.12.** Vi syng inn jula. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**24.12.** kl 14.00, 15.15 og 16.30: Julaftan-gudstenester. Ekstra sang og musikk. Åsmund Steinnes. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**25.12.** Høgtidsgudsteneste med nattverd. Åsmund Steinnes. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**05.01.** Gudsteneste med dåp. Misjonsgudsteneste. Sundagsskule. Offer til NMS.

**12.01.** Ikkje gudsteneste

**19.01.** G2 med nattverd. Tema. Band og forsangarar.  Åsmund med resurrsgruppe. Sundagsskule.

**26.01.** Familiegudsteneste med dåp. Åsmund med  ressursgruppe.

**02.02.** Gudsteneste med nattverd. Åsmund Steinnes. Sundagsskule.

**09.02.** Ikkje gudsteneste

**16.02.** G2 med dåp. Tema. Band og forsangarar.  Åsmund med resurrsgruppe. Sundagsskule.

## Orre kyrkje

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**24.11.** Gudsteneste med dåp. Offer til Israelsmisjon. Åsmund Steinnes.

**08.12.** Gudsteneste med dåp. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Jarle Minnesjord

**24.12.** kl 15:00 Julaftangudstjeneste. Offer til Strømmestiftelsen. Karsten Degnes

**05.01.** Gudsteneste med nattverd. Jarle Minnesjord

**19.01.** Gudsteneste med dåp. Jarle Minnesjord

**02.02.** Gudsteneste med nattverd. Jarle Minnesjord



### KYRKJESKYSS

**Bore kyrkje:**
Ring kontoret
tlf. 51 78 95 55.

**Klepp Kyrkje:**
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

**Orre Kyrkje:**
Ring Astrid Voll
tlf. 51 42 87 49

**Frøyland og Orstad Kyrkjelyd:**
Ring kontoret:
tlf. 52 97 31 50

# Tekstane

*24.november*
*5 Mos 30,15-20, 1 Kor 15,22-28, Joh 9,39-41*

*1.desember – 1.søndag i advent*
*Salme 24,1–10, Rom 13,11–12, Matt 21,1–11*

*8.desember – 2.søndag i advent*
*Salme 33,18–22, Hebr 6,13–19a, Matt 11,2–11*

*15.desember – 3.søndag i advent*
*Jes 35,1–10, 1 Kor 3,18–23, Matt 11,2–11*

*22.desember – 4.søndag i advent*
*Rut 4,13–17, Rom 15,8–13, Luk 1,46–55*

*24.desember – Julaftan*
*Jes 9,1a.2.6-7, 1 Joh 1,1-4, Luk 2,1-20*

*25.desember – Juledag*
*Ordsp 8,1-2.22-31, Hebr 1,1-6, Joh 1,1-14*

*26.desember – 2.juledag/ Stefanusdagen*
*Jer 31,15–17, Apg 7,52–60, Matt 2,16–23*

